

dok NR	Søker	Kommune	Tiltaksnavn	Kostnad	Eigne midlar	Søknadssum	Tilråding	Skildring	Fylkesrådmannen si vurdering
1	Ask Friidrett	Askøy	Askøy på langs-Extreme	121 400		101 400	31 000	Ein 40 km lang tur i variert terreng, over øya sitt høgaste punkt. Arrangerar og halve distansen for dei som ikkje orkar heile turen. Ønskjer at alle frå Askøy skal bli betre kjent med øya si. Nytt av året er at det skal arrangerast halv distanse for å senke deltaking for m.a. barnefamiljar.	Positiv utvikling ved å differensiere distansane slik at fleire kan delta i arrangementet. Tilrår støtte til denne delen av tiltaket.
2	Austrheim ungdomsklubb	Austrheim	Aktivitet for alle i Austrheim	161 000	50 000	56 200	avslag	Aktivitetar for barnefamiljar, einslege og flyktningar vert spesielt invitert. Aktivitetane er havsportdagar på Mastrevika kai, Økseneset og Årvika friluftsområde, kajakkpadling, fisketur i båt, frisbeegolf, vanntrampoline, ake-og skøytekelder med discolys og musikk.	Tiltaket får tilskot frå ordninga Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom
3	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Turposter i Bergen	330 000	100 000	170 000	130 000	Vidareføring av Titur Bergen 2016. Eit lavterskeltilbod for å motivere og inspirere heile familien til å bli kjent og ta i bruk i områder dei aldri har gått tidlegare. Tiltaket legg opp til turar til Bergen sentrum, Bergen Vest, Bergen Nord, Bergen Øst og Bergen sør.	Titur Bergen er eit gratis tilbod til alle i Bergen og omland, Tiltaket aukar bevisstgjøring om turmål i nærmiljøet og set klare turmål for den enkelte.
4	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Kveldsmatturer for ungdom	120 000		100 000	60 000	Gratis lavterskelturar i nærmiljøet for ungdommar. Turane skal gje nyutdanna ungdomsturleiarar praksis og moglegheiten til å bygge erfaring som turleiarar på enkle nærmiljøturar. Tiltaket held og fokus på samarbeidet med Styve Gard, for å integrere ungdommar med "ulike utfordringar".	Godt lavterskel for ungdom. Utfordrar ungdom i turleiarrolla i trygge omgivelser. Høg overføringsverdi for alle deltakarar og turleiarar.
5	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Bæreturer, Bergen og Hordaland Turlag	65 000	8000	37 000	20 000	Turlaget vil arrangere 28 bæreturar som eit fast tilbod til småbarnsforeldre. Det er ei stor utfordring å rekruttere leiarar, då denne gruppa gjerne går ut av permisjonen sin ila året. Dei ønskjer å ha eit stort fokus på marknadsføringa av tilbodet, m.a. for å få tak i potensielle leiarar og produsere flyers.	Godt aktivitetstiltak for foreldre i same situasjon i nærmiljøet. Genererer direkte aktivitet.
6	Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland	Arrangement i friluftsområder	330 000	100 000	170 000	150 000	Planlagte arrangement med ulike aktivitetar i samarbeid med medlemskommunane, lokale lag og organisasjonar i følgjande friluftsområde: Husavatnet, Tangeråsneset, Helleneset (blått flagg arrangement) og Ljonesvågen, Hissøyna og Buarøy fort.	Friluftsområda vert fremma og sett fokus på gjennom lavterskel aktivitet. Tilrettelegging også for grupper som ikkje ville oppsøkt områda på eiga initiativ. Positivt med samarbeid med mange ulike aktørar.
7	Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland	Etablere Telltur i 9 kommuner i Hordaland	140 000	20 000	50 000	50 000	Turregistreringssystem (TellTur) i 9 av BOF sine medlemskommunar, og ved turmål i 14 friluftsområde. Legge inn turmål i TellTur portalen, og setja opp postkasser med turbøker og registreringsinformasjon.	Telltur held på å bli vidareutvikla og er ein digital løysing for å auke friluftaktiviteten.
8	Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland	Padlebok for Hordaland	375 000	125 000	60 000	60 000	Støtte til trykking og marknadsføring av padlebok for Hordaland, tekst, bilete og kart er utarbeidd. Arbeid med layout på boka er godt i gang. Prosjektet samarbeidar med ulike aktørar i bergensområdet. Det manglar finansiering av trykkeutgiftene til boka, eit tilskott her vil sikra at boka vert trykt før padlesesongen.	Tilskot til slutføring av padleboka som vert påbegynt i fjor. I samband med nasjonal standard for padleløyper er implementert.
9	Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland	Samarbeid om strandrydding	150 000	25 000	100 000	75 000	Tiltaket gjeld samarbeid med skuleklasser, lokale organisasjonar og lag om strandrydding i følgjande friluftsområde: Hissøyna, Tyssøy, Bynja, Toska, Solnes, Ervikane, Ormhilleren, Søvikvågen, Håøya, Litlevågen og Løno. Tiltaket har i fleire år hatt eit slikt samarbeid, og ønskjer å vidareføra dette i år.	Skulebarn får eigarskap til sitt eige nærmiljø på en måte som genererer miljøbevissthet og auka kunnskap og glede over naturen.
10	Bydelsbloggen	Stord	Stord Friluftsfestival	80 000		40 000	avslag	Friluftsfestival på Stord. Målsetninga er at folk flest skal få augene opp for friluftslivsmoglegheitane på Stord, og bli meir aktive. I fjor vart det ca 600 gjester, i år har tiltaket ynskjet å inkludere over 50 mindreårige flyktningar/ungdommar som er blitt nabo til festivalområdet.	Tiltaket får tilskot frå ordninga Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom
11	Fjell Turlag Ung	Fjell	Turporogram for ungdom	160 000	30 000	130 000	80 000	Breitt aktivitetstilbod som inneber friluftsliv for ung mellom 13 - 26 år i Fjell kommune. Aktivitetar for alle uansett fysisk form, turar og kurs etter eigne ønska til medlemmane, sosiale kveldar forutenom friluftslivet. Mål; Få stor aktivitet i gruppa med kvardagsturar i nærmiljøet, helgeturar og basecamp(er) med 5 dagars varigheit.	Ny undergruppe i turlaget med lavterskeltiltak, varierte aktivitetar, medverknad til auka deltaking over tid. Rettar seg mot ungdom.
12	Foreningen Bergendal gård	Bergen	Bergendal gård som trekkplaster for fotturar	22 000	7 000	10 000	avslag	Bergendal gård vil styrke turgåing for barnefamiljar frå Natlandsfjellet/Sedalen og Helldalsåsen/Nestun gjennom gratis gårdsbesøk i 2016 som trekkplaster og mål for fotturar på tilrettelagte turveggar, aktivitetar er mating av høns, eggplukking, honningsmaking, samtaler om økologisk dyrking og husdyrhold.	Tiltaket har ikkje nok fokus på aktivitet, og tiltakene er ikkje relevant nok i høve til denne ordninga.
13	Fotlandsvåg Grendaråd	Osterøy	Prosjekt leikeparken	88 351	10 000	66 351	avslag	Fornye leikeparken, tilføre klatrenett, karusell og dissesativ. Leikeparken er mykje nytta av både skule, barnehage og lokalbefolkning ellers. Den ligg midt i sentrum og er ein attraktiv arena å møtast, integrering, motorisk trening og trivsel. Målet er å gjere parken endå meir attraktiv.	Tilskot til strukturelle tiltak støttast ikkje i denna ordninga.
14	Friluftsrådet Vest	Hordaland	Friluftslivets uke og dag Sunnhordland	100 000	10 000	50 000	50 000	Friluftsrådet koordinerar og marknadsfører tiltaket saman med turlagene, flyktningtjenesta og andre friluftslivsorganisasjonar i regionen. Aktivitetar, fjellturar, kortare ettermiddagssturar, opne turhytter og friluftsgudstjenester. I 2015 var det 31 arrangement, ca. 4500 deltakare. Lignande satsingar på Stord, Bømlo og Kvinnerad. Tiltaket søker berre for arbeide og annonseringen i Sunnhordlandskommunene.	Tiltaket viser kva for tilbod friluftslivsorganisasjonane har, samt at det er fokus på integrering og nærmiljøetsatsning.
15	Friluftsrådet Vest	Hordaland	Regional utvikling av TellTur	150000		50 000	avslag	TellTur er dei elektroniske systema til friluftsråda for turregistrering. Friluftsrådet samarbeidar med kommunane om å få fleire ut på tur. Friluftsrådet har ein overordna og koordinerande rolle, bl. a. produksjon av info, websider, kodar, premiering, resultatlistar, m.m. TellTur er vorte sett på som eit viktig verktøy i folkehelsearbeidet og har mange suksesshistorier å visa til.	Viser til søknad nr. 20 om same tiltak.
16	Friluftsrådet Vest	Hordaland	Læring i Friluft	330 000	50 000	80 000	80 000	"Læring i Friluft" blir nytta aktivt saman med friluftslivsbasene til Friluftsrådet, naturretteleingsopplegget med skuleklasser, kursverksemda for lærarar, tilsette i SFO og barnehagar. Ønskjer å driva fullgod undervising utandørs, få ungane i skulen ut i fysisk aktivitet, få grunnskulane til betre å utnytte det nære naturmiljøet rundt skulen.	Fokus på å få tiltaket forankra i læreplanane, i tråd med nasjonal friluftslivpolitikk, høg overføringsverdi.
17	Friluftsrådet Vest	Hordaland	Opp i Trærne - friluftsseminar for lærere	230 000	30 000	60 000	60 000	Fokus på skulane sine utemiljø, meir fysisk aktivitet i løpet av skuledagen og korleis flytta noko av læringen utandørs. Framgangsmåta er eit dagsseminar for lærarar om temaet. Friluftsrådet vil jobba med å skaffa gode foredragshaldarar både frå nasjonalt og regionalt/lokalt nivå.	Stimulerer Aktiv skulekvardag, når alle elevlar indirekte, fokus på å få tiltaket forankra i læreplanane.
18	Friluftsrådet Vest	Hordaland	Padlecampar Sunnhordland 2016	100 000	30 000	50 000	50 000	Vil auke interessa for kano og kajakkpadling ved å arrangera padlecampar og maritime basecampar saman med turlag og padleklubber i regionen.	Vidareføre satsninga mot kystnært friluftsliv i henhold til Turskiltprosjektet, Kystled og andre tiltak på kystfriluftsliv.

19	Friluftsrådet Vest	Stord	Oppgradering av Utstyrbasen på Stord	90 000	20 000	70 000	30 000	Tiltaket gjeld å skifta ut tilhengaren til Stord friluftsutstyrbase og erstatta nokon av dei meste slitne kanoane. Tilhengaren er gammal type utan brems og utan utstyrkasse.	Tilskot til nye kanoar, men ikkje til hengar.
20	Friluftsrådet Vest	Hordaland	TellTur i Sunnhordland	150 000	25 000	50 000	50 000	TellTur, det elektroniske systemet til friluftsråda for turregistrering, i samarbeid med kommunane om å få fleire ut på tur. Friluftsrådet har ein overordna og koordinerande rolle med bl. a. produksjon av info, websider, kodar, premiering, resultatlister, m.m. TellTur er vorte sett på som eit viktig verktøy i folkehelsearbeidet og har mange suksesshistorier å visa til.	Tiltaket er vidareutvikling av friluftsrådene landsomfattande turportal digitalt, utvikling av nye metodar og tiltak for å oppfylle tilskotsordninga sine mål.
21	Haugesund Turistforening	Hordaland	Friluftsliv for alle - hele året	455 000	19 000	10 000	10 000	Leggje tilrette for friluftsliv for menneske med nedsett funksjonsevne og psykiske lidelser. Tur kvar andre eller tredje onsdag til gapahuken i Djupadalen ved Friluftshuset, båttur, seilturar, fiske, kano, ulike turar, orientering, vedarbeid, matlagning, 70 - 100 deltakere i alle aldre kvar gong frå Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sveio, Vindafjord og Etne. Det er like mange deltakere om vinteren som om sommeren.	Tiltak for prioriterte grupper med kontinuitet heile året, fremjar det enkle friluftsliv tiltak for ulike årstider.
22	Haugesund Turistforening	Naturlosturer	Naturlosturer	180 000	20 000	40 000	40 000	Få folk på tur i sine nærrområder, verta betra kjent med natur og kulturverdiane som ligg der. Auka kjennskap til nærrområdene medfører auka forståing av miljøvern, biologisk mangfald og rolla til mennesket i natur og kulturlandskap. Terskelen for å delta er låg, eit bidrag til å få nye grupper ut på tur og i tråd med nasjonale målsettinger for friluftsliv, mellom turistsamskipnaden og kommunar, lag og organisasjonar	Skapar kunnskap og eigarforhold til nærmiljøet og dei kulturverdiane som finnst der. Deltaking kan smitte andre i området til å delta. Kan auka bruken av nærmiljøet som sosial arena.
23	Hordaland krins av Norges speiderforbund	Hordaland	Speiderdagen 2016	557 000	17 000	100 000	50 000	Speiderdagen, lokalt tilbud og/ eller friluftaktivitet i den enkelte speidergruppes lokalmiljø, ynskjer å visa at ein kan driva friluftaktivitet i nærmiljøet. Dette er lett tilgjengeleg og lite ressurskrevende, og bidreg til helsebringende aktivitet. Hordaland Krins av Norges speiderforbund håper dette vil inspirera og oppfordra folk til å vera meir fysisk aktiv utandørs over tid.	Tiltaket rettar seg mot barn og ungdom, kan medverke til auka interesse og deltaking innan friluftslivsaktivitet over tid. Gode aktørar og stor overføringsverdi.
24	Hordaland Natur og Ungdom	Hordaland	Ungdom ut i naturen!	36 500	5 000	21 500	avslag	Friluftaktivitetar i eit miljøperspektiv. Aktivitet; Halde seminar for alle Natur og Ungdom medlemmane på Vestlandet med tema «Grøn Vestavind» med fokus på fornybare løysingar og rein teknologi frå Vestlandet. Avhengig av der seminaret vert arrangert skal det vere ulike uteaktivitetar. Tidlegare år har det vore fjelltur og bading.	Seminar om fornybare løysingar er ikkje eit prioritert tiltak i denna ordninga, for lite aktivitetsretta.
25	Kalandseid Idrettslag	Bergen	Familiearrangementer på Kalandseid	68 000	8 258	41 258	avslag	Tiltaket gjeld å lage familiedagar på Kalandseid. Tema for familiedagen: Kanopadling på Kalandsvannet, rebusløype i skogen like ved Kalandsvannet, felles grilling. I samarbeid med Midthordland skogeigarlag, Bergen og Hordaland skogselskap og Bontveitdalen skogsveiforening.	Tiltaket er veldig likt det andre tiltaket fra Kalandseid IL, og to så like tiltak kan ikkje få tildeling.
26	Kalandseid IL	Bergen	Familiedager - friluftssarrangementer på Kalandseid	59 000	9 500	30 000	30 000	Vil skapa aktive og sosiale møteplassar i friluft for familiar i nærrområde, oppdage turstiene som er rydda og skilta ved å utvikle ein enkel og brukarvenleg app kor ein kan registrera oppmøte på dei ulike toppane/vardane i nærrområdet, hovudfokus på familiar som elles ikkje kjem seg på tur på eiga hand, tilretteleggja for eigenorganisert aktivitet.	Tiltaket kan sjåast i samband med turskiltprosjektet på Kalandseid, dei ønskjer auka kunnskap og bruk om dei skilta og merka turløypene
27	Kalfarhuset Oppfølgingssenter Kirkens Sosialtjeneste	Bergen	Kalfarhusets turgruppe	160 000	50 000	60 000	60 000	Friluftslivsaktivitet som ettervern av innsette i fengsel og tidlegare rusmisbrukere, hovudfokus på meistring, relasjonar, positive opplevingar og aktivitetar gjennom ein turgruppe. Grunna økonomi er gjennomføring av turgruppen satt til ein gong i månaden. Målsetting er å få menneske som kjem frå kriminalitet og/eller rus inn i konstruktive og gode aktivitetar og dessutan å stimulera til økt fysisk aktivitet ved bruk av nærrområdene.	Tiltaket rettar seg mot ei prioritert gruppe som ofte ikkje er så aktive. Overføringsverdien er stor, og det er hovudvekt på lavterskelaktivitetar i fellesskap.
28	LC Bergen Vest	Bergen	Gullaksdalen, Alvøen	60 000	15 000	35 000	avslag	Produksjon av ei orienteringstavle som fortel historia om Gullaksdalen på Alvøen, eit kart som viser der restane av busetnaden ligg, rydda (hogga skog) og få grunnmurane frami dagen, gammal steinbro og møllesteinane vil verta avmerket på kartet. Gammal steingard vil restaurerast. Midla skal verta til nytta klopper,benkar , bord, tavle, og turveg.	Tiltaket omhandlar strukturelle tiltak som ikkje er søknadsberettiga i denna ordninga.
29	Miljøagentene	Hordaland	Satsing i Hordalandsregionen	208 000	88 000	100 000	80 000	Skapa engasjement for natur og miljøvern hos flest mogleg barn, gje born trua på seg sjølv, framtida og at det nyttar å gjera noko. Tre hovudsatsingar er pant, marin forsøpling og natursti. Aktivitetene er starandryddedagen, en nasjonal pantedag og ein natursti for barn.	Tiltaket rettar seg mot barn og unge. Aukar kunnskap og eigarforhold til naturen som skal fremje naturvern.
30	Museum Vest	Askøy	friluftsliv for ungdom	68 000	10 000	32 000	32 000	Fem ukedagar med friluftsområde Herdla fort som base. Fokus på opplæring i friluftsliv for ungdom som manglar den grunnleggjande kompetansen. Dagtilbud med ein teltovernatting, båttur, fiske, fjelltur, bål, sikkerheit på sjø og land fokus, og leiraktivitetar vil vere ein del av opplegget. Samarbeidspartenerne er Statens Naturoppsyn og Gone Padling (aktivitetsfirma).	Fokus på overføringsverdi og nytte kunnskap for å fremje eigenorganisert friluftsliv. Learning by doing prinsippet.
31	Naturvernforbundet Hordaland	Bergen	Naturglede Hordaland 2016	493 000	33 500	100 000	60 000	3 naturgledeaktivitetar for barnefamiljar. Aktivitetane; oppdagelsesferder i sin nærmiljø som temperert regnskog i Fana, hole eiker i Kanadaskogen, myr som karbonlager, spiselig natur og elvemuslingen i Haukåsvassdraget. Minst to naturgledeuturar og eitt større naturarrangement er målet.	Tiltaket rettar seg mot barnefamiljar, fremjar deltaking i kunnskapsretta friluftsliv i nærmiljøet som skal auka interessen for natur og friluftsliv.
32	NJFF-Hordaland	Askøy	Fiskecamp for ungdom	50 000	15 000	22 000	22 000	Fiskecamp for ungdom i Kollevågen på Askøy. Fiskecampen vert arrangert i ein helg (fredag til søndag) like før skulestart i august, slik at flest mogleg skal ha høve til å delta. Aktivitetar; fluekasting, havfiske, kystfiske, ørretfiske frå kano, laga fisken som matressurs på ulike måtar. NJFF-Hordaland stiller med mat, lokalar, lavvoer for overnatting, instruktørar, fiskeutstyr, tryggleiksutstyr, kanoar og båtar. Berekna for ungdom mellom 11 og 16	Tiltaket fremjar fritidsfiske som prioritert friluftaktivitet kor alle fasane av fiske vart lært på ein spennende måter med fokus på erfaringsbasert læring.
33	NJFF-Hordaland	Hordaland	Fiskeklubben 2016	30 000	10 000	15 000	15 000	Gratis fiskeklubbarrangement for barn. NJFF-Hordaland stiller på arrangementa med instruktørar, fiskestenge, sluker og redningsvestar. Arrangementa vert annonsert i lokalavisene og på plakatar. Arrangementa skjer vanlegvis i eit samarbeid mellom NJFF-Hordaland og eit av lokallaga. Til saman deltok fleire hundre born på fiskeklubbarrangementa Våre i 2015.	Tiltaket fremjar fritidsfiske som prioritert friluftaktivitet, sosioøkonomiask status er ikkje gjeldande for deltaking.

34	NJFF-Hordaland	Hordaland	Skytestevner for barn og ungdom 2016	17000	5 000	7 000	7 000	Fire utandørs jaktfeltstevner (skyting med salonggevær mot dyrefigurar/skivar av papp) for barn og ungdom. Eit samarbeid med Nordhordland JFL, Tysnes JFL, og Osterøy JFL stilla med instruktørar som sørger for tryggleiken ved stevnene, og kvart enkelt barn vil få personleg oppfølging av instruktør. Alle deltagere vil premierast med medalje. Det vil vera servering av gratis pølser og saft til deltagerne under stevnene.	Tiltaket rettar seg mot barn og barnefamiljar, kan medverke til auka interesse og deltaking for jaktbasert friluftsliv.
35	NJFF-Hordaland	Hordaland	Villmarksleir for ungdom 15+	121 000	5 000	44 000	44 000	Villmarksleir for ungdom 15 år og oppover 19-21 februar 2016. Leiren er for alle ungdomar, spesielt dei som kjem frå Sogn og fjordane og Hordaland. Aktivitetane er revejakt, topptur på ski, vere i skitrekk, matlagning ute, isfiske, zipline, skileik, natursti med aktivitetar etc.	Tiltaket rettar seg mot barn og fremjar deltaking i helsefremjande, trivselskapande miljøvenneleg friluftsliv med høg overføringsverdi.
36	NJFF-Hordaland	Hordaland	Kvinneaktiviteter 2016	30 000	10 000	15 000	avslag	Få fleire kvinner interessert i jakt, fiske og friluftsliv i Hordaland. Aktivitet; helgesamlinger, hortejakt, småviltjakt, pølsekurs, overnatting, mat og instruksjon. Arrangementa i hovudsak for kvinner, men er opne for alle, og ikkje-medlemmar. Informasjon om arrangementa vert spreitt via annonsar i avisene, via heimesidene på internett, fylkesblad, epost m.m.	Tiltaket får tilskot frå post 71, vilt tiltak.
37	NJFF-Hordaland	Fjell og Øygarden	TAM- Undervisningsprosjekt i fiske og friluftsliv	3 440 000	200 000	45 000	45 000	Tilbod til skular i Hordaland fylke om undervisning i jakt, fiske, turar i skog og mark og anna friluftsliv. Tilbodet vert nytta av skular, NAV og barnevern. Undervisninga knytter seg til ordinær klasseundervisning, elevgrupper i f.eks valgfag, og opplegg for enkeltelever med særlege behov. I tillegg har det dei siste åra blitt arrangert friluftsbasert fritidstilbod (Ferieklubb) for barn og ungdom i sommarferien, både i Fjell og Øygarden kommunar.	Friluftsoplæring gjennom skulen som er ein god og viktig arena for å nå ut til alle barn. Tiltaket er og ein mestringsplattform for elevar som er meir praktisk anlagt.
38	NJFF-Hordaland	Hordaland	Wild West 2016	80 000	35 000	35 000	35 000	Friluftstilbud til urban- og multikulturell ungdom i samarbeid med stiftelsen Motivasjon & Mestring og Bergens JFF. Wild W fiskeutstyr, redningsvesta, tryggleiksutstyr, varme og vasstette klede, båtar og instruktørar. Vil arrangera minimum fem turar i 2016, som involverer havfiske, innlandsfiske (kultiveringsfiske), krabbefiske og kystfiske.	Tiltaket rettar seg mot ei prioritert gruppe som ikkje alltid kjenner til norske friluftslivshøve. Integreringsfaktor gjennom gode opplevingar kan medverke til auka deltaking over tid.
39	Norges Blindeforbund Hordaland	Hordaland	Fjellturar for synshemma - opplæring av ledsagarar	34 000	2 000	17 000	17 000	Ledsageropplæring for synshemma, på turisthytta Træet i Hordaland over ein langhelg i mai 2016. Kursleiarane vil vera synshemma med lang fjellrøysle. Bergen og Hordaland Turlag kan om mogleg samarbeide om rekruttering av ledsagere. Vonleg vil dette leia fram til eit varig tilbod av friluftaktivitetar for synshemma i Hordaland. Det vert planlagt ein fjelltur på Finse sommaren 2016.	Tiltaket rettar seg mot ei prioritert gruppe og aukar einaste høveleg tilgjengelegheit for menneske med nedsett syn innan å drive aktivt friluftsliv.
40	Rosendalstiftinga	Kvinnherad	Rasteplass ved Myrdalsvatnet Rosendal	450 000	335 000	95 000	avslag	Prosjektet skal byggja ein lun og tørr rasteplass ved Myrdalsvatnet (371 moh) som eit lågterskelttilbod i nærmiljøet til Rosendal. Ein kan gå, sykla eller gå på ski på fine skogsveggar inn til fiskeplassane ved Myrdalsvatnet.	Tilskot til strukturelle tiltak støttast ikkje i denne ordninga.
41	Sandviken kystlag	Bergen	Båtliv i Sandviken	245 000	10 000	100 000	80 000	Arrangera to årlege arrangement (Maritim laurdag 28.mai og Sandviksdagane 27.-28.august), vidareføra fritidstilbodet «Bergen båtdelering», saman med Kystkultursenteret og Fiskerimuseet. Lavterskel nærmiljøtiltak i bevaring og bruk av tradisjonelle veteranbåtar og handverk knytta til båtane. Fokus på barnefamiljar og flyktningar. Aktivitetane; roing, seiling, padling, fiske og kajakkpadling. Målsetninga er å og skapa interesse for kystkultur og kulturminner.	Involvering frå ulike organisasjonar gjennom eit haldningsskapande arbeid kor friluftsliv koplust saman med kulturminneforvaltning.
42	Sotra og Øygarden jff	Øygarden	Tilrettelegge for Ørretfiske	70 000		30 000	avslag	Tiltaket omhandlar innlandsfiske, tilretteleggja for fiske frå båt og land, kultivera vatnet så ørreten har fin kvalitet og nok næringstilgjenge, leggja tilrette for grilling av fangst. Barnefamiljar og ungdom vert prioritert. Tiltaket skal arrangere fiskedager med kursing/instruksjon.	Lite spesifikk søknad. Uklårt kva tiltaket inneber av type aktivitet og gjennomføringsplan
43	Stiftelsen Bergensklinikkene	Bergen	Friluftslivbasert aktivitet	1 412 000	312 000	150 000	100 000	Lavterskel friluftslivopplæring for unge menneske med rusmiddelproblem og psykisk lidelse. Organisert i ulike lag og samskipnader i prosess med oppleving saman med medpasienter i trygge rammer. Neste steg er på aktivitetar saman med elevar som studerer ved friluftslivslinja på Stend. Til sist vil gruppa delta på organiserte turar eks. i regi av DNT	Tiltak retta mot prioritert gruppe med trinnsvis tilnærming mot eigenorganisert friluftsoppleving er målet.
44	Stord-Fitjar Turlag	Stord	Aktiv til 100	24 000		20 000	12 000	Tilbod med lette turar for eldre og andre med turvertar med fast turmål. Tur annan kvar torsdag året rundt. Ein lengre tur som avslutning på kvart år med bruka busstransport, Fyrstehjelpskurs for turvertane for å stå betre rusta dersom noko skulle inntreffe. Dette treng dei midlar til.	Lavterskel turar for ein prioritert gruppe i samfunnet med kontinuitet året rundt. Fokus på trygge rammer med instruktørar egna for turgruppa.
45	Vaksdal kommune	Vaksdal	Villmarksleir på Småbrekke	32 000	17 000	15 000	avslag	Kommunal villmarksleir i Bergsdalen. Det er 21. året i 2016 at denne leiren vert arrangert. Pengane går til tilrettelegging, vedlikehald av utstyr og årleg leige av området, ved, instruktør m.m.	Kommunar er ikke søknadsberettiga i denna ordninga.
46	Voss utferdslag	Voss	Klopper, bruer	142 854	266	70 088	avslag	Tilretteleggja betra for bruk som er bruksvenleg og ivaretek naturmangfaldet på Storåsen i Voss. Fornye bruer som er øydelagde og til dels farlege, leggja ned klopper på stien der det er mykje væta forå ta vare på underlaget gjennom vern og med å kanalisera trafikken over desse. Det same gjeld for bruer.	Tiltaket omhandlar strukturelle tiltak som ikkje er søknadsberettiga i denna ordninga.
47	Voss utferdslag	Voss	Opptur 2016	69 000		49 000	35 000	Dagsturarrangement med fjelltur for alle skulebarn i 8. klasse i Voss, Ulvik og Granvin kommune. Fokus på sosialt samvær, god oppleving i fjellet og konkurransar innan natur, dyreliv, allmennkunnskap og fyrstehjelp. Turen går over ca 5 km, med ca 600 høgdemeter, og er rekna til å ta 4-5 timar. Særskilt tilrettelagt for menneske med funksjonsnedsettelse. Målet: At ungdom får eit nærare forhold til natur og friluftsliv.	Tiltaket når alle ungdommar i 8. klasse i 3 kommunar. Felles friluftsoppleving som vonaleg vil inspirere til nye turar på eiga hand.

48	Vårt Nesttun	Bergen	Birkelandsvatnet Turområde	133 000	13 000	90 000	avslag	Tilrettelegging, oppbygging av rasteplassar, sti og brygge. Tiltak: grusing av sti mellom Lilletvedtveien og Birkelandsbotn, hogging av skog, egging av tak på Grindabygg Sutaksbord, papp, knotteplast og torv, benker, bord, kulturminnevern med ivaretagelse av eldre boplasser, tilstrebe universell utforming.	Strukturelt tiltak som ikkje er prioritert i denna ordninga.
				12 017 105	1 884 524	2 889 797	1 750 000		